

Gebyrføresegner

GEBYR FOR

- Byggesakshandsaming
- Dispensasjonssaker
- Godkjenning av føretak m. v.

Heimel:

Bruk av gebyr er heimla i plan- og bygningslova § 33-1.

Vedtak:

Vik kommunestyre 17.12.2020, sak KS-106/20.

Sakshandsaming/kontroll:

Byggesakshandsaming, tilsyn, riving, dispensasjonar, godkjenning av føretak m. v.

ALLMINNLEGE FØRESEGNAR

Gebyr vedteke med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gjeld tiltak som blir handsama etter forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta) SAK 10.

Gebyrregulativet tek utgangspunkt i dei bygningstypar som er definert i matrikkelen. Regulativet gjenspeglar det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei ulike sakstypene medfører.

Gebyret er bygd opp av to element – eit basisgebyr som avspeglar hovudtyngda av arbeidet innanfor kvar sakskategori avhengig av tiltaksklasse, og arealgebyr som fangar opp meirarbeid som følgje av storleik på bygget. Areal blir rekna etter NS 3940 (bruksareal). I tillegg kjem gebyr for godkjenning av ansvarlege samt gebyr for handsaming av eventuelle dispensasjonar.

§ 1 Gebyret inneber

Totalt gebyr inneber:

Sakshandsaming, administrasjonskostnader knytt til saka, godkjenning av ansvarlege, dokumentkontroll, eventuelt tilsyn og naudsynte attestar. For oppdatering og ajourhald av kommunen sitt kartverk, utsendast særskilt gebyr for situasjonskart eller forenkla situasjonskart, jf. Gjeldande gebyrregulativ for kart og oppmåling. Gebyr vert sendt til tiltakshavar.

§ 2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenestar etter dette regulativet skal betala gebyr.

§ 3 Gebyrberekningsstidspunkt / Avrekning

Gebyret bereknast etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen mottok ein tilfredsstillande søknad.

§ 4 Fakturerings- og betalingspunkt

Når vedtak i samband med søknad om rammeløyve vert gitt, vert det fakturert normalt 100 % av fullt gebyr (basis- og arealgebyr). Ved trinnvis igangsetting betalast eit ekstra gebyr pr. igangsettingsløyve frå og med 2. trinn, jf. Punkt 20 a). Gebyr for dispensasjonssaker skal betalast når det vert gitt rammeløyve.

§ 5 Kombinerte bygg / fleire bygg

Dersom søknaden gjeld fleire bygg / bygningen består av fleire funksjonar, bereknast gebyret etter den funksjonen som har størst areal.

§ 6 Bruksendringar

Ved bruksendringar der det ikkje vert føreteke ombygging betalast 25 % av fullt gebyr for den kategorien som bygget skal nyttast til. Ved bruksendring der det vert føreteke ombygging, skal det betalast etter regulativ for ombygging.

§ 7 Prosjekt som kjem inn under fleire tiltaksklassar

Ved prosjekt som kjem inn under fleire tiltaksklassar bereknast gebyret etter bygget sin høgste tiltaksklasse.

§ 8 Avslag

Ved vedtak som medfører avslag på ramme-, igangsettings- eller eitt-trinnssøknad, vert tiltakshavar belasta med 50 % i forhold til opphavleg fullt gebyr (basis- og arealgebyr). Ved avslag på søknad om ansvarsrett eller dispensasjon skal det betalast fullt gebyr.

§ 9 Urimelege gebyr

Viss gebyret utvilsamt blir urimeleg i forhold til det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt med saka, eller utvilsamt blir urimelege av andre grunnar, kan einingsleiar fastsetta passende gebyr.

§ 10 Klagerett

Fastsetting av gebyr i den enkelt sak kan ikkje påklagast. Einingsleiar si avgjersle av søknad om reduksjon av gebyr, kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 11 Ulovlege tiltak og pålegg etter plan- og bygningslova

På grunn av kommunen sine meirutgifter ved sakshandsaminga av ulovlege i gangsette eller utførde tiltak, skal det betalast etter medgått tid og satsar i § 13 i dette regulativet. Minstegebyr: 2 gonger basisgebyr. I tillegg kan kommunen krevja dekking av sine kostnader til sakkunnig bistand. Gebyret skal også betalast der søknaden medfører avslag.

Ved pålegg etter plan- og bygningslova skal det betalast etter medgått tid, minimum eitt minstegebyr etter punkt 20 b).

§ 12 Tilsyn

Kommunane si tilsynsplikt er klårare i ny bygningsdel av plan- og bygningslova. Om lag 10 % av byggesaksgebyret vert innkravd for tilsyn.

§ 13 Gebyr for sakkunnig bistand

Kommunen kan i særlege tilfeller rekvirera sakkunnig bistand for å få gjennomført naudsynt tilsyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 33-1 og § 25-2 andre ledd. For slik sakkunnig bistand vert det kravd eit gebyr i tillegg til konsulentutgifter, jf. pkt 20 c) .

§ 14 Gebyr for medgått tid

For arbeid som ikkje går inn under gebyrtabellen kan gebyr reknast etter medgått tid.

Følgjande timesatsar skal nyttast:

a) Kontorarbeid: jf. pkt 20 d)

b) Feltarbeid:

enkelperson: jf. pkt 20 e)

lag: jf. pkt 20 f)

§ 15 Tillegg for mangelfull søknad

Basisgebyret aukast med 20% i saker der det blir meirarbeid på grunn av mangelfull søknad. Dette gjeld og saker der estetikk er dårleg dokumentert, og der det er naudsynt med synfaring før søknad kan handsamast.

§ 16 Avgjerd eller uttale frå andre mynde

For innhenting av løyve, samtykkje, eller uttale frå anna mynde etter plan- og bygningslova § 21-5, vert det kravd eit gebyr pr mynde: jf. pkt 20 g).